



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjebø og Høyanger sokneråd.

Høyanger 19.03.2025.

Møteprotokoll for Kyrkjebø og Høyanger sokneråd.

Møtedato: 19.03.2025.

Møtetid: kl. 19.00.

Møtestad: Høyanger samfunnshus.

Til stades: Sturla Bell Fossen, Torstein Müller, Jens Ole Årdal, Ole Ivar Luggenes, Andreas Elster, Kari Henny Dale, Jofrid Nordstrand Forthun, Vidar Myren.

Forfall: Sjur Håvard Øygard, Edel Johansen, Aud Saxrud, Elisabeth Johansen, Arvid Solås.

Kopi av protokollen går til:

Medlemane i KSR og HSR, Kyrkjeverja og postmottak v. Høyanger kommune.

Sakliste:

Godkjenning av innkallinga.

Soknepresten har ordet.

Vedtakssaker, F-01/25 til F-05/25

Ymse.

Godkjenning av innkallinga:

Ingen merknader.

Presten har ordet:

Presten snakka omkring det at det på denne tida er Maria bodskapsdag og at det såleis er omlag 9 mndr. til Jesus skal bli fødd, Lukasevangeliet.

F-01/25:

Samlinga for frivillege medarbeidarar-evaluering.

Alle rundt bordet fekk dele erfaringane sine om samlinga som frivillege medarbeidar fekk delta i på Kyrkjebø, i februar mnd. dette år. På festen var det tilsaman 42 gjester.

Kari H.D. og Jofrid N.F. som var med i kommiteen, fortalte litt om erfaringa med å stelle i stand festen og gjennomføringa av denne.

Moment som kom fram rundt bordet:

Ein fordel om samlinga kunne ha starta litt tidlegare på kvelden, f.eks. kl 1800.

Personleg invitasjon fungerer ofte betre enn generelle oppslag, fint at frivillege vert sett.

Matserveringa var enkel og rimeleg og passa godt for ein slik

samankomst.

Ein opplevde at det musikalske innslaget på festen, vart teke godt imot av forsamlinga.

Etter festen har det vore mange gode tilbakemeldingar å få.

Kan det for framtida vere ein tanke at ein også arrangerer årsmøta i samband slike samlingar?

Møtelyden var samde om at det er ein god tanke å arrangere fleire slike samkomer for frivillede medarbeidarar, men at ein bør vurdere eit anna tidspunkt på året og kanskje arrangere det annankvart år.

F-02/25:

Fasteaksjonen 06.-08. april.

Fasteaksjonen nærmar seg og det er viktig at denne er godt planlagd. Andreas fortel at han og Inger Cecilie har diskutert aksjonen og vurderer det slik at foreldre og konfirmantar har vore aktive i diskusjonen. Andreas og Inger Cecilie skal ha nytt møte og vil då planlegge fleire detaljar omkring aksjonen. Det ser ut til at konfirmantane vil klare å rekke over alle rodene og informasjon om korleis dette vil gå føre seg i praksis, vil komme. Inger Cecilie leverer bøssene til skulen om morgonen og desse vil bli levert tilbake til ho om kvelden. Andreas vil ordne med oppslag om aksjonen og det vil bli lagd fram bøsse på butikken, med informasjon om vipps-nummer.

F-03/25:

Misjonsprosjektet som vi har felles i Estland.

Kva er det og kva kan vi gjere for å auke kunskapen og dermed gjevargleda for prosjektet?

Prosjektet sokneråda har med Estland, er i sitt 5. år og det kom fram synspunkt om at det er viktig at kyrkjelydane får tilfredstillande og god informasjon om prosjektet. Vidare kom det fram synspunkt om at ein ser det som viktig at sokna også støttar utadretta prosjekt, spesielt no i ei uroleg tid.

Andreas vil ta kontakt med Misjonsselskapet for å høyre om dei har representantar som kan komme på besøk og informere om prosjektet. Ole Ivar stiller seg disponibel til dette initiativet, ved å ev. kontakte nokon av arrangørane til ei tidlegare samling han deltok i, der prosjektet med Estland var tema. Det er viktig at dette vert planlagt i god tid, slik at ein f.eks. kan få til ein presentasjon til hausten.

F-04/25:

Alpha-kurs og/eller andre samtale-arena for verdi-spørsmål.

Ein syner til tilsendt vedlegg, der ein blir oppmoda til å ha tema-samtale og verdidebatt i sokna. Kyrkjebø sokneråd har drøfta saka tidlegare, men har enno ikkje gjennomført noko slikt tiltak.

Møtelyden diskuterte saka og nokon av momenta som kom fram var: Det er viktig at slike samankomstar for samtaler kjennest inviterande og inkluderande for gjestene.

Det er også viktig at det på førehand er sett ei ramme for kva ein ynskjer å samtale om og at dette blir koordinert på ein tilfredstillande og god måte. Verdigrunnlaget for samfunnet vårt kan vere viktig å diskutere, spesielt no i ei uroleg tid. Såleis er det også

viktig å vere bevist på kva haldningar vi har.

Slike samankomstar for samtaler er nok lettast å arrangere i byar, der det bur mykje folk, men det kan kjennest viktig for personar som bur på mindre plassar også.

Servering av mat og drikke har ofte ein positiv verknad i slike samanhengar.

Møtelyden kom fram til at ein ynskjer å starte i det små og ser difor at kyrkjekaffien kan vere ein naturleg start for å ha slike samtalar.

Ein bør ha som ambisjon å få i stand slike samtalar innan sommar/haust dette år.

F-05/25: Kyrkjeleg aktivitet framover.

Møteleiar informerte møtelyden om at medlemane har mogelegheit til å komme med forslag til saker i digitalt samråd med bispedømerådet. Møteleiar gjorde også greie for at ein skal sende uttale i samband ny gudstenesteforordning og at dette er under arbeid.

Ulike moment som møtelyden diskuterte i samband med plan for den kyrkjelege aktiviteten framover:

Kan det vere rom for å fordele litt på gudstenestene ved høgtidsdagane i jula, ved påska og på 17.mai, slik at ein ungår unødig stress?

Det har tidlegare vore prøvd å ha gudstenester i Høyanger på 1.mai, men det var svært få frammøtte.

I samband ny gudstenesteforordning, blir det i høve antal gudstenester, sett krav til folketalsgrunnlag, noko som gjer at ein kanskje bør vurdere gudstenestene i Vadheim opp mot dei andre sokna.

Møtelyden ser det som viktig at det er ei fornuftig spreiing av gudstenestene mellom sokna og at ein er spesielt observant på fordelinga ved høgtidsdagane i jul og påskehøgtida, samt på 17.mai.

Vidare synest møtelyden at ekstra dåpsgudstenester skal ein ungå, og så langt råd er, heller legge dåp inn i dei ordinære gudstenestene i sokna.

Ymse:

Sommarfest, trusopplæring, dugnad.

Sommarfest, kven organiserer denne og korleis skal den gjennomførast?

Det er planlagt 2 dåp, jazz-gudstenester, kyrkjekaffi og sommarfest på samme dag og det kan by på nokså mykje arbeid for dei som skal stelle i stand.

Ved tidlegare arrangement, var det svært lite frammøte til sommarfesten, noko som førte til at arbeidet med å stelle i stand til denne, vart opplevd som demotiverande.

Møtelyden føreslår difor at ein utset sommarfesten.

Trusopplæring: Vidar informerte om at Hyllestad, Fjaler og Høyanger vil drøfte samarbeid om å få midlar til felles trusopplæring.

Felles dugnad for kyrkjegardane vart i utgangspunktet sett til torsdag 27/3-25.

Sturla lagar plakat.

Referent:
Jens-Ole Årdal
Medlem KSR